

**50 år.**

## **Lærarinne fru Johanna Sættem Seljestad**

fyller 50 år 24. mai.

Når ein ser henne eller møter henne på sykkel vil ein knapt tru at dette kan vere sant, men når kyrkjeboka fortel det må ein nok tru det likevel.

Fru Seljestad har no ved slutten av dette skoleåret arbeid 27 år i folkeskolen i Sørreisa. Ho blei tilsett i storskolepost i Skølv 1921 og fekk i 1933 skolen i Gottesjord, som ho framleis har.

Fru Seljestad var godt budd til skolearbeidet. Gjekk ut frå Levanger lærarskole i 1919 med fin-fin eksamen og har sidan eit år ved lærarhøgskolen i Trondheim. Dessutan fleire kurs for lærarar i ymse fag.

Dette er i stutte drag den ytre råma om arbeidet.

Vilkåra for skolearbeidet har vel vore så ymse i desse åra serleg i dei 5 lange krigsåra var det nok mange gonger ikkje så greitt når skolen blei jaga ut av skolehuset og skolen måtte halde til i privathus som ikkje alltid kunne vere like høveleg, sjølv om huseigaren var aldrig så god og beinsam. Det blei nye vilkår og sterkt påkjenning. Det skulle sterkt tru og mykje mot til, men fru Seljestad viste at ho hadde mykje både av mot og tru når det røynte på. For truskapen og godviljen i arbeidet takker vi henne på det varmaste, og vil vone at krefter og fram for alt mot og tru vil halde og rekke til i mange, mange år enno.

For min eigen del vil eg takke henne for samarbeidet, og den samkjensle eg har møtt i desse i åra eg har vore formann i skolestyret.

Vi har vel ikkje altid i vore einig i alle høve, det er så, men fru Seljestad har mot til å hevde sine meiningar, og eg vil også takke henne for dette.

Sørreisa skolestyre 18. mai 1948.

Jacob Rørslett.